



## Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 06.03.2018

**Møtestad:** Konferansrommet

**Møtetid:** 09:00 - 11:30

Kvar og ein av søkerane presenterer sakene sine for næringsfondstyret  
kl 0900 iModalen  
kl 1000 Oddbjørn Trohaug  
kl 1100 Kristin Nåmdal og Sigrun Dale

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalsleiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Nesi	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	Vara for Linda nesi
Liv Anne Aanesen	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal i sak 006/18

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2018	Godkjenning av møtebok
003/2018	Orienteringssaker
004/2018	Framlegg til vedtak - søknad om tilskot til destinasjonsselskap for reiseliv.
005/2018	Framlegg til vedtak - søknad om tilskot til tilslagslaboratorium.
006/2018	Framlegg til vedtak - Søknad frå Sognafloren bakeri og lokalutsal.

**Notat frå møtet:**

001/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes godkjent

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

002/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

003/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte kort om administrativt avslag på søknad om støtte på 60 000 kr til Seacamp. Avslaget er begrunna med at samme tiltak var søkt om i førre søknad frå Seacamp som vart innvilga støtte til.

Ove Sæbø informerte kort om at budsjettet til næringsfondet i 2018 er videreført med same sum som i 2017, som er 2,4 mill kr. I 2017 vart det innvilga støtte frå næringsfondet på tilsaman ca 2,2 mill kr

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

## 004/2018: Framlegg til vedtak - søknad om tilskot til destinasjonsselskap for reiseliv.

### Behandling:

Liv Anne Aanensen orienterte kort om søknaden på vegne av aktørane som står bak den felles reiselivssatsinga.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om eigarskapsmodell i tiltaket i høve habilitet i handsaminga av saka. Liv Anne Aanensen orienterte om at eigarskap i denne søknaden er berre eit døme på korleis det kan organiserast, og korleis eigarskapet kan sjå ut. Ingen aktørar har pr i dag investert i eigarandelar, slik det kan sjå ut i utfyllinga av søknaden. Det vil og vere mogleg for andre enn dei potensielle som er nemnt å knyte seg til. Næringsfondstyret konkluderte dermed at alle medlemmane er habil til å handsome søknaden slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

### Vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 576 250,- i tilskot frå næringsfondet til felles reiselivssatsing for iModalen. Løyvinga skal dekkje kosntader i tråd med søknad d. 31.01.18.

### Følgande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

- Det må avklarast og meldast til Modalen kommune kven som er ansvarleg for prosjektmedarbeidaren (arbeidsgjevaransvar).
- Modalen kommune utbetalar tilskotet forskotsvis for 1 år om gangen og i 3 like store summar. iModalen sender Modalen kommune faktura forskotsvis.
- iModalen skal utøve aktiv og inviterande haldning m.o.t. andre aktuelle aktørar som også kan bidra med sine produkt/tenester innanfor reiselivsutviklinga i kommunen.
- iModalen samarbeider med «Region Bergen» m.o.t. reiselivssatsing.
- Det skal sendast årleg statusrapport inkl. rekneskap for bruk av løyvd tilskot til Modalen kommune.
- Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte kostnader i høve kostnadsoppsettet i søknaden. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.
- Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.
- Første utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trøng for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.



005/2018: Framlegg til vedtak - søknad om tilskot til tilslagslaboratorium.

**Behandling:**

Oddbjørn Trohaug orienterte om søknaden og bedrfta han vil starte opp. Kjetil Eikefet og Kristin Nåmdal kommenterte at ein er særstak positiv til søknaden og at satsinga har stort potensial og er midt i målgruppa for næringslivssatsinga i kommunen.

Under spørsmålsrunden etter presentasjonen ba Oddbjørn Trohaug om at ein vurderte å auke tilskotet og redusere lånet innafor ei samla ramma på 50% av dei totale kostnadane på 816 286 kr. Han hadde opprinnelig søkt Næringsfondet om 408 143 kr, med eit oppsett på 157 257 kr i tilskot og resten i lån. Denne fordelinga vart nytta i administrasjonen si handsaming av saka. Ordførar låg fram framlegg om å tildele same totalsum på 408 143 kr, men endre fordelinga mellom tilskot og lån slik at 50% av tilskotet er lån og 50% er tilskot. Dei andre føresetnadane for tildelinga vert uendra. Framlegget vart samråystes vedteke.

**Vedtak:**

Modalen kommune løyver inntil kr. 204 072,- i lån og inntil kr. 204 072,- i tilskot (til saman 50 % av søknadsgrunnlaget) til Oddbjørn Trohaug til etablering av tilslagslaboratorium i Modalen.

**Følgande føresetnader ligg til grunn:**

- Det må ligge føre kommunalt løyve til etablering av tiltak på aktuell tomt før utbetaling kan finne stad.
- Søknad d. 20.02.18 ligg til grunn for løyvingane.

**Vilkår for utbetaling av tilskot:**

Tilskotet vert utbetalat på grunnlag av medgåtte kostnader i høve kostnadsoppsettet i søknaden som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettet, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trøng for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

**Vilkår for utbetaling av lån:**

Innvilga lån vert utbetalat etter framlagt dokumentasjon av fullfinansiering.

Denne tilsegna må nyttast innan 1 år frå tilsegnsdato, ellers fell den bort. Det er høve til å søkja forlenging av fristen.

**Lånevilkår:**

Lånet kan utbetalast når investeringane er gjennomført. Lånet skal attendebetalast med like store avdrag over 5 år.

Lånerenta vert berekna etterskotsvis basert på den til kvar tid gjeldande renta for Næringsfondet. Utbetaling av lån over kr 50.000,- skal sikrast med tinglyst pantekrav med prioritet etter andre lån til selskapet.

**Andre vilkår:**

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakaren pliktar på førehand å gje melding til styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

---

006/2018: Framlegg til vedtak - Søknad frå Sognafloren bakeri og lokalutsal.

**Behandling:**

Kristin Nåmdal erklærte seg inhabil i saka, då ho er ein av søkerane bak tiltaket i lag med Sigrun Dale. Liv Anne Aanensen kom inn som vara i saka.

Kristin Nåmdal orienterte om søknaden og naudsynte tiltak for å realisere oppstart av bakeri og lokalutsal. Kristin Nåmdal informerte om at nokre av summane i søknaden var feil, då det mangla mva avgift på arbeidet med oppgradering og isolering av silobygget, samt elektrisk arbeid. Administrasjonen ba om å få oppdatert søknad med dei nye summane.

Ordførar låg fram administrasjonen sitt framlegg til vedtak til votering, med ei samla ramme på 50 % av dei totale kostnadane, og fordeling der halvparten er lån og halvparten er tilskot. Summane i vedtaket vert korrigert i henhold til den oppdaterte søknaden inkludert mva på dei områda som mangla. Dei samla kostnadane er i oppdatert søknad i etterkant av møtet korrigert til kr 832 500,-, og søknadssummen er korrigert til kr 416 250,-

**Vedtak:**

Modalen kommune løyver inntil kr. 208 125,- i lån og inntil kr. 208 125,- i tilskot frå Næringsfondet til Kristin Nåmdal og Sigrun Dale til etablering og utvikling av Sognefloren på Mo. Dette utgjer til saman 50 % av totale koststandar for tiltaket. Løyvingane skal nyttast til etablering av bakeridrift og tilrettelegging for produksjon av tradisjonsmat og lokalproduktutsal i tråd med søknad d. 21.02.18, og korrigert søknad d. 09.03.18

**Vilkår for utbetaling av tilskot:**

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte kostnader i høve kostnadsoppsettet i søknaden som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettet, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekeskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekeskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

**Vilkår for utbetaling av lån:**

Innvilga lån vert utbetalt etter framlagt dokumentasjon av fullfinansiering.

Denne tilsega må nyttast innan 1 år frå tilsegnsdato, ellers fell den bort. Det er høve til å søkja forlenging av fristen.

Lånevilkår:

Lånet kan utbetalast når investeringane er gjennomført. Lånet skal attendebetalast med like store avdrag over 5 år.

Lånerenta vert berekna etterskotsvis basert på den til kvar tid gjeldande renta for Næringsfondet. Utbetaling av lån over kr 50.000.- skal sikrast med tinglyst pantekrav med prioritet etter andre lån til selskapet.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet vert seld eller nytt til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakaren pliktar på førehand å gje melding til styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

---